



MØTEINNKALLING

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 17.04.2013
Møtetid: 15:00 -
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
004/13	13/186	Faste saker	
005/13	12/198	Innkome høyringsfråsegn til kommunedelplan for kulturminne	
006/13	13/68	Fordeling av kulturmidlar 2013	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 13/186	Løpenr: 13/1725
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	17.04.2013	004/13	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none">• Godkjenning av innkalling og sakliste• Godkjenning av protokoll frå førre møte• Delegerte vedtak/referatsaker• Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
13/68	11.03.2013	S		Søknad om tilskot til ungdomsdisco frå Tveit ungdomslag
11/339	05.04.2013	X		Oppsummering etter arbeidsmøte om fritidsaktivitar for ungdom

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FE-143, FA-C50
Arkivsaksnr: 12/198	Løpenr: 13/1661
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	17.04.2013	005/13	ASL

INNKOME HØYRINGSFRÅSEGN TIL KOMMUNEDELPLAN FOR KULTURMINNE

Dokument som er vedlagt:

Kommunedelplan for kulturminne.pdf

Dokument som ikkje er vedlagt:

Innkome fråsegn frå offentlege og private.

Kva saka gjeld:

Utval for oppvekst og omsorg vedtok i møte den 6. februar å leggja kommunedelplan for kulturminne2012-2020 ut til offentlig ettersyn. Høyringsperioden vart avslutta 26. mars.

Vurderingar og konsekvensar:

Merknad 1 frå eldrerådet

ELD-002/13 Vedtak:

”Eldrerådet vil i all hovudsak gje ros til det er arbeidet som er gjort med å laga ein plan for kulturminne i Samnanger.

Til innhaldet i planen vil eldrerådet merka at det er ønskeleg med ei redigering av pkt 13, vedlegget med registrerte kulturminne i Samnanger. Eldrerådet trur det vert meir lesbart dersom registreringane vert ført kronologisk etter gards- og bruksnummer. ”

Kommentar: Det vil verta endra

Statens vegvesen har ingen merknadar til planen

Merknad 1 frå Arne Høyland

1.1 Medverknad

Eg vil foreslå at kommunen vurderer å oppretta eit kulturminneråd for Samnanger kommune. Eit kulturminneråd skal vera breidt samansatt og representera grendene, organisasjonar og private museum/samlingar.

Øvre Eiker kommune på Austlandet har etablert eit slikt råd som for tida vert leia av Nils Petter Hobbestad. Meir om reglane for kulturminnerådet i Øvre Eiker:

<http://www.ovreeiker.kommune.no/Modules/service.aspx?ObjectType=Service&Service.ID=1432&Category.ID=1866>

<http://www.ovreeiker.kommune.no/Modules/service.aspx?ObjectType=Service&Service.ID=1432&Category.ID=1866>

Kommentar: Det kan undersøkast om det er eit behov for det. På Øvre Eiker sine nettsider er dette å lese om rådet:

” Øvre Eiker kommunes kulturstrategi fastslår at kommunen skal ha et aktivt samarbeid med frivillig sektor for å ta vare på kulturarven og stimulere til formidling av den lokale kulturhistorien. Dette arbeidet ledes av Øvre Eiker Kulturminneråd, som er oppnevnt av kommunestyret.

Kulturminnerådet er et rådgivende organ for kommunens administrasjon og de folkevalgte, og samtidig en samarbeidspartner for alle som driver kulturminnevern på frivillig og idelaistisk basis. Rådet har derfor nær kontakt med grendeutvalg, velforeninger, organisasjoner og privatpersoner som er opptatt av kulturminnevern.”

Merknad 2 frå Arne Høyland

8 Immaterielle kulturminne

8.1 Handlingsboren kunnskap og bygningsvern

Eg vil foreslå at kommune kontaktar Fylkeskonservatoren i Hordaland, Bryggen i Bergen, Bergen bymuseum og Riksantikvaren for å få ei tilbakemelding om interessa for eit samarbeid om å utvikla eit pilotprosjekt, eit kommunalt byggjeskikkarkiv for Samnanger.

Kommentar: Det er ikkje noko som tydar på at me har ein unik byggjeskikk i Samnanger som er viktig å ta vare på for ettertida. Den byggjeskikken me har i Samnanger er en kjent byggjeskikk. Sjølv om det er eit spanande prosjekt innan for faget ynskjer me ikkje å prioritera dette i vårt arbeid med kulturminnevern.

Merknad 3 frå Arne Høyland

8.2 Kunsthandverk

Kommunen bør vurderer å delta i Norsk Kulturarv sitt nasjonale dugnadslag for kulturarven. Gjennom ei samarbeidsavtale med kommunen kan Norsk Kulturarv engasjere seg i lokale kulturarvprosjekt. Lokale rosemåling-og felemakartradisjonar i Samnanger kan vera aktuelt stoff for medlemsmagasinet Kulturarven.

Her kan ein sjå kva kommunar Norsk Kulturarv har eit samarbeid med, 97 i talet i skrivande stund. <http://kulturarv.no/kommunesamarbeid/>

Kommentar: Å vera samarbeidskommune gjer at me får høve til å synleggjera oss til dei som mottar medlemsbladet, me får tilgang til undervisningsopplegg m.m. Å vera samarbeidskommune kostar kr 9 000 i året i tillegg til eit eingong beløp på kr 1 000.

Merknad 4 frå Arne Høyland

9.1 Faste kulturminne

Smia og seterhus på Reistad.

Den vesle smia på Reistad er ikkje teken med i planen, og heller ikkje eit seterhus som også vert teken vare på av stiftinga som tek vare på treskoverkstad.

Felles løa på Ytre Tysse

Felles løa på Ytre Tysse med orgaved og arrangement med låvegolv for tusting av korn er svært sjeldan å finna i autentisk stand slik det er tilfelle i denne løa. Løa har og ein spesiell variant av grindverkskonstruksjonen. Alt i alt gjer dette at løa er svært verneverdig og bør koma på lista over dei viktigaste verneobjekta i Samnanger. Truleg eit fredningsobjekt, av nasjonal verneverdi.

Brakeløe i Eikedalen

Denne løa bør inn på lista over verneverdige bygningar i Samnanger. Kommunen bør kontakta fylkeskonservatoren, fylkesmannen (skriva brev) og eigaren for å avklara om det let seg gjera å få midlar til å sikra bygningen og finna løysing for framtidig bruk.

Naust og naustmiljø.

På Ytre Tysse, ved Barmen, ligg eit fint lite sjøbruksmiljø med eit stort steinnaust, ei fin stø og kai som har høyrd til ein jekteskippar på bruket. Området er autentisk med gamal veg ned til sjøen og ei stor gamal løe oppe ved hovudvegen. Våningshuset er sett i stand i gamal stil.

Kommentar: Merknad 4 frå Arne Høyland bør innarbeidast i planen

Merknad 5 frå Arne Høyland

9.2 Krigsminne

Botnahytta

Merknad :

For at hytta ikkje skal verta meir øydelagt bør ho merkast og takast ned til sumaren og lagrast for reparering. Bjarne Øvredal har kome med eit svært gunstig tilbod med tanke på dette og han har både verkstad og plass til å lagra og har tilbydd skog til å reparera hytta med. Eg vil foreslå at kommunen snarast råd drøftar saka med Bjarne Øvredal for å setja fortgang i sikring av hytta.

Kommentar: Me meiner at Botnahytta er eit viktig kulturminne i Samnanger og me ynskjer å bevare ho for ettertida. Me meiner òg det er viktig for opplevingsverdien at hytta står der ho står no. Me ynskjer å foreslå at staden der hytta står vert merka med omsynssone i arealplanarbeidet. Det bør vera avklart kor hytta skal stå får ho vert plukka ned.

Merknad 6 frå Arne Høyland

9.3 Kulturminne i utmark

Uteløer/markaløer

Uteløer/markaløer av ulik alder, storleik, konstruksjon og kledning bør sikrast. Utmarksneringa har vore svært viktig for innbyggjarane i Samnanger. Det er truleg ein nær samanheng mellom den spesielle skikjelken som er utvikla i Samnanger og bruken av utmarka og uteløene.

Tre uteløer i området ved Totræna bør vurderast for verning. Løene ligg lett tilgjengeleg for publikum langs vegen opp til lysløypa i Totræna Vinterpark.

Kommentar: Løene bør omtalast i planen

Merknad 7 frå Arne Høyland

Vidare arbeid med kulturminneregistrering og museumsutvikling

Samnanger kommune bør vurderast å oppretta ein 50% stilling som er øyremerkta vidare arbeid med kulturminneregistrering og museumsutvikling i kommunen.

Kommentar: Me har i arbeidet med kulturminneplanen fått registrert mange kulturminne, men det er òg ein del som ikkje har vorte registrert. Dette arbeidet har vore finansiert med midlar frå Riksantikvaren. Den største utfordringa med å opprette ein 50 % stilling er finansieringa. Dersom me kan få ekstern finansiering kan det vera mogeleg å opprette ein prosjektstilling.

Merknad 1 frå Ivar Bård Aadland

s. 6: Automatisk freda kulturminne

Her kunne det vera ynskjeleg med nærare opplysningar, t.d. kart, som viser kvar kulturminna er å finna.

Kommentar: Eit kart bør innarbeidast

Merknad 2 frå Ivar Bård Aadland

s. 11: Tekniske og industrielle kulturminne

A/S Safa er ikkje ullvarefabrikk, men tekstilfabrikk (strømpefabrikk).

At kraftverket på Frøland ”er framleis i drift med utstyr frå 1910” kan vel

mistydast til at dei gamle maskinene er i dagleg drift. Så det er kanskje greitt å berre stryka siste delen: ...”med utsyr frå 1910.”

s. 16: Stolpane skulehus stod ikkje i Hisdalen, men på ”plassen Stolpane under Haugen.”

s. 17: Samnanger kyrkje

Den eldste kyrkja stod ikkje nærare sjøen, men ”litt sørvest for den me har no.”

s 18: Jonasstova? Eg trur det skal vera Jonastova, men sjekk med kjentfolk på kommunehuset.

s. 19: Kanonstilling ved Fossen Bratte

Dei som miste livet, var ikkje soldatar, men skyttarlagsfolk frå Kvam som skulle sikra flanken under trefningen mellom norske og tyske soldatar. Så siste setningen bør rettast til: Det er òg sett opp ei minneplate der tre skyttarlagsfolk miste livet.

s. 20: Nordvikasetret

Slik teksten står, kunne ein tru at det først har vore dans og så gudsteneste same dagen. Det er sjølvstyk ikkje tilfelle. Dansen var gjerne laurdagskveld (og natt til søndag) før ”Vassmøtet” søndagen. Så teksten etter den første setningen kan kanskje rettast til: Det har vore dans på seterbakken. Og ein søndag i juli/august har det vore religiøst møte (seinare gudsteneste) i over hundre år, og er det framleis.

s. 22: Handlingsprogram

Om sikring av Notaholmen bør det vel stå holmen (ikkje hytta) og om treskoverkstaden verkstaden (ikkje hytta)

Kommentar: Alle faktafeil vert retta opp

Merknad 1 frå Samnanger historielag

Sise 7. Vasskraftutbygginga starta fysisk juli 1909, ikkje 1910 som det står i planen.
Side 16. Kvernhuset på Fiske er no demontert av BKK og skal restaurerast i løa på Fiske.

Kommentar: Alle faktafeil vert retta opp

Merknad 2 frå Samnanger historielag

Døme på nyare verksemder: Her er ikkje teke med entreprenørverksemder innan transport , graving og transport samt betongentreprenør. Desse har mange tilsette.

Kommentar: Merknaden bør innarbeidast

Merknad 3 frå Samnanger historielag

Side 11-12. Kraftverk i varierende storleik til eige bruk. Oppom Sævild er det eit lite heimelaga kraftverk. Ei hytte mellom Hisdal og Skulstad hadde vindmølle og bilbatteri til innvendig belysning. Hytta vart bygd i 1946 , men vindmølla kom då frå ein gard i Vaksdal som hadde fått strøm. Dette fungerte til ca 1970.

Kommentar: Merknaden bør innarbeidast

Merknad 4 frå Samnanger historielag

Side 19. Krigsminne. Botnahytta. Kor lang tid vil det ta å bruka Plan og bygningslova for å sikra hytta si plassering?

Side 22 Sikring av Botnahytta . Regulerer området i neste rullering av kommuneplanen. Kva årstal er det? Dersom det går 4 - 8 år er det ikkje noko att å korrjere restaurera eller freda.

Her må det kunna brukast meire presise tidsrom. Det er NO det er tilbod om restaurering av hytta nesten gratis for kommunen.

Kommentar: Det kan med fordel settast inn ein tidshorisont. Arbeidet med arealplanen sitt planprogram er i gang. Dersom arbeidet med arealplan tek for lang tid, må me sjå kva for nokre mogelegheiter me har. Me kan med fordel endre setninga frå ”Samnanger kommune må vurdera dei verkemidla som ein kommune har gjennom Plan- og bygningslova for å bevare hytta” til ”Samnanger kommune må vurdera dei verkemidla som ein kommune har gjennom aktuelle lovverk for å bevare hytta”

Merknad 5 frå Samnanger historielag

Det er fleire gamle bygningar som er under riving eller det er gjeve riveløyve på. Kan det ikkje skaffas eit lokale til bygningsdetaljar . Kan det gjerast ein avtale med SAFA, dei har stort ledigt areal innandørs.

Kommentar: Det er ikkje noko som tydar på at me har ein unik byggjeskikk i Samnanger som er viktig å ta vare på for ettertida. Den byggjeskikken me har i Samnanger er en kjent byggjeskikk. Sjølv om det er eit spanande prosjekt innan for faget ynskjer me ikkje å prioritera dette i vårt arbeid med kulturminnevern.

Merkand 6 frå Samnanger historielag

Kva med gamle husmannsplassruiner «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu». Det er mange slike i Samnanger. Bør ikkje det vera med som kulturminne.

Kommentar: Ruiner etter husmannsplassar er absolutt kulturminne. Dei bør takast med i planen.

Merknad 1 frå Helge Hisdal

Det er ein ting som ikkje er nemnd i planen, men som vart omsnakka i førebauande møte, nemleg: Torvtaking til brendsle i Samnanger.

I utmarka til Hisdal g nr 9 og 10 ligg Storemyra. I sørenden av myra vart det spadd opp torv i relativt store mengder. Desse vart stabla på høgkant til tørking eit lite stykke derfrå. Etter ei stund vart torva teken inn i TORVHUSET og tørka vidare. Ut på vinteren vart dette drege heim på slede og brukt som ved i ovnen. Dette pågjekk fram mot slutten av 30 talet då det var lite lauvskog til ved på eigedommane, sjølv om det ikkje ser slik ut i dag.

Torvuttaket er godt synleg også i dag. Men det er ikkje trygt å gå heilt inn i torvuttaket då det er svært blautt. Det einaste som er igjen av torvhuset er steinane som var grunnmuren. Så vidt eg veit er dette einaste torvutaket i Samnanger. Dette burde vore merka og gjort synleg også for dei so ikkje er lokalkjente.

Kommentar: Merknaden bør innarbeidast. Torvuttaket under kulturminne i utmark og skilting som eit tiltak.

Merknad 1 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

Me har gått gjennom høyringsutkastet for kommunedelplan for kulturminne.

Me sende og inn høyringskommentar til planprogrammet. Dette fekk arbeidsgruppa, der me hadde med ein representant, munnleg vita skulle innarbeidast i planprogrammet. I vedtaket frå “Oppvekst og omsorg” frå møtet i juni 2012, står det at arbeidsgruppa kunne gjera mindre kosmetiske endringar. Når me no samanliknar planprogrammet og kulturminneplanen er mykje flytta rundt, og ein del som var bra i plandokumentet er ikkje med lenger. Dette er ikkje noko arbeidsgruppa har teke stilling til.

Frå Tomas Martin Nordviks stiftelse vil me ikkje kommentera oppbygginga av kommunedelplan for kulturminne, men me har framleis ein del ting me ynskjer at Samnanger kommune skal engasjera seg i innan kulturminnefeltet.

Me er glade for at me vart invitert til å ha ein representant med i arbeidsgruppa. Me har hatt mange trivelege møte med mykje utveksling av idear. Me har kome med innspel der, men det er framleis ein del som ikkje har blitt med i kommunedelplanen.

Kommentar: Tema har ikkje kome opp i arbeidet til arbeidsgruppa, men overskriftene er endra til det Tomas Martin Nordviks stiftelse foreslo i sitt fråsegn til planprogrammet.

Merknad 2 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

Del 3 Kva har blitt gjort på feltet

Siste avsnitt, der det står at Tomas Martin Nordviks stiftelse sit på ei stor samling kulturminne....

Dette bør endrast til

Tomas Martin Nordviks stiftelse skal mellom anna ta vare på bygningar med innbu og lausøyre på gardsnummer 19 bruk 1, Nordvik.. Her er ei stor samling gjenstandar, og arbeidet med å registrera gjenstandane har så vidt kome i gong.

Kommentar: Merknaden bør innarbeidast

Merknad 3 frå Tomas Martin Nordvik stiftelse

Me har foreslege å ta kontakt med Nils Georg Brekke, når det gjeld rosemåling. Rosemåla kister vart registrerte på 1960-talet. Om rosemaling kan det nemnast at opphavet til rosemalinga i Midthordland kjem frå Samnanger. Johannes Johannesson Tveiterås f.1763 og sønene hans: Johannes f.1791 og Nils Johannesson f.1795 (Møsen) var dei første. Nils Georg Brekke veit alt om dette.

Kommentar: Rosemaling kom ikkje med i planen på grunn av at det var vanskeleg å finne kjelder i tidsrommet frå siste møte i arbeidsgruppa og møte i utval for oppvekst og omsorg. Det bør innarbeidast omtale av rosemaling.

Merknad 3 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

Då boka "Bunader i Hordaland" skulle gjevast ut i 1987, vart det gjort 60 registreringar i Samnanger.

Bunad og folkedraktrådet på Fagernes, no Norsk institutt og bunad og folkedrakt, registrerte gamle klede m.m. i Samnanger 1996 eller 97. Kopiar av nær 200 registreringar er i arkivet på biblioteket.

Kommentar: Det bør innarbeidast omtale om bunadane frå Samnanger.

Merknad 4 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

Siste setning i første avsnitt. Her er det vel meint at me kan restaurera kulturminna med dei gamle/tradisjonelle handverks *metodane*.

Kommentar: Skrivefeil vil verta retta opp

Merknad 5 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

I tillegg må det stå noko og musikk, dans og song, stadnamn, segner, og skikkar.

Kommentar: Merknaden bør innarbeidast

Merknad 6 frå Tomas Martin Nordvik stiftelse

8.1 Handlingsboren kunnskap er viktig å ha med.

Kunnskapen er knytt til kulturminna og gjenstandane. Ein må lære direkte frå nokon som kan handverket. Det er viktig at ein her i planen får med både mannshandverk og kvinnehandverk. T.d. Korleis bryne og slå med ljå og korleis koke slättegrauten. Her ligg uendeleg mykje som ein kan gjera fleire generasjonar saman. Det er og eit treffpunkt for folk frå ulike land og kulturar. Handverksregisteret på Maihaugen på Lillehammer har eit nasjonalt ansvar, men lokalt finst det større og mindre særtrekk og variasjonar.

Me ynskjer å ha med at det er viktig å dokumentere og drive direkte opplæring i arbeids- og framstillingsmåtar innan til dømes matstell, tekstil- og klede/draktframstilling i tilknytning til gjenstandane.

Kommentar: Siste avsnitt i merknaden bør innarbeidast

Marknad 7 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

Under 8.1 står det mykje om å sikre prøvar av byggeteknisk interesse når bygningar vert rivne. Det er viktig å dokumentera godt.

Oppbevaring av gjenstandar/bygningskonstruksjonar kjem ikkje inn under immaterielle kulturminne. Me har ei utfordring i kommunen når det gjeld perfekt konservering og oppbevaring. I første omgang bør gjenstandar av interesse lagrast. Kanskje ein bygning står tom, og ein kan få til mellombels lagring. Det er farleg å seia så klårt som her at me berre har ansvar for å vurdere det som er unikt for Samnanger.

Når det gjeld å ta vare på gjenstandar, bør kommunen kunne hjelpa med informasjon om korleis ein reingjer, behandlar mot skadedyr og oppbevarer godt. Det perfekte må ikkje vera det gode sin verste fiende.

Private og organisasjonar må kunne få hjelp med stønadsordningar.

Det bør informerast om til dømes Norsk kulturarv sine prosjekt, "Rydd eit kulturminne" og "Ta eit tak".

Kommentar: Det er ikkje noko som tydar på at me har ein unik byggjeskikk i Samnanger som er viktig å ta vare på for ettertida. Den byggjeskikken me har i Samnanger er en kjent byggjeskikk. Sjølv om det er eit spanande prosjekt innan for faget ynskjer me ikkje å prioritera dette i vårt arbeid med kulturminnevern.

Samnanger kommune har per i dag ikkje kompetanse på korleis ein reingjer, handsamar mot skadedyr og god oppbevaring, men det finst måtar me kan bidra på. Samnanger kommune kan til dømes gje støtte til opplæring.

Det er gjeldande praksis at private og organisasjonar kan få hjelp frå kulturkontoret med stønadsordningar.

Merknad 8 frå Tomas Martin Nordvik stiftelse

9. Heilt i starten, i innleiinga til planen står det at planen nemner dei viktige kulturminna. Det er då rart at Paviljongen på Bjørkheim og Tusenårsstaden på Tysse er i same kategori som Notaholmen og kyrkja. Meiner verkeleg kommunen at om ein skal velja mellom Stolpane skulehus og Rolvsvåg skulehus, så er det det siste som er mest verdfullt?

Gamlehuset i Nordvika må og vera aktuelt å ha med her.

Kommentar: I neste setning i innleiinga står det: "Denne lista må ikkje sjåast på som uttømande eller statisk.". Gamlehuset i Nordvika kan med fordel omtalast i planen. Me meiner ikkje at ein skal velja mellom Stolpane skulehus og Rolvsvåg skulehus. Dei er begge omtala i planen som viktige kulturminne.

Merknad 9 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

9.2 Krigsminne

Her må skrivast meir om krigsminne. Her er holer og tunellar frå krigen, t.d. på Ådland.

Kommentar: Merknaden bør innarbeidast

Merknad 10 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

9.4 Lause kulturminne.

Det er meir vanleg å kalla mindre ting for gjenstandar, og det er dette me driv og registrerar.

Kommentar: Me har valt å nytte oss av dei begreip som Riksantikvaren nyttar.

Merknad 11 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

10. 2 Nest siste avsnitt. Drifta av eit arkiv må ikkje belaste frivillige organisasjonar og stiftingar. Det vert fort for personavhengig. Drifting må kommunen evt. ta seg av.

Kommentar: I planen er det omtala som eit behov. Det er ikkje tatt stilling til korleis det praktisk skal løysast, men det naturleg at kommunen er ein bidragsytar.

Merknad 12 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

10.3 Handlingsprogram. Kunne dette koma heilt til slutt i planen?

Her bør Stolpane skulehus inn, avklare bruk og framtid.

Samnanger museum – ein paraply for alle bygningar og samlingar i Samnanger.

Dette må gjerne utgreiast i første 4-årsperiode.

Kommentar: Me meiner at oppbyggingen av planen er god. Begge tiltaka er nemnt i planen som noko me bør gjera. Dei bør med i handlingsprogrammet.

Merknad 13 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

11. Arkiv m.m.

Antons kulturhistoriske senter inn her?

Kommentar: Me er usikre på kva Tomas Martin Nordviks stiftelse meiner her. Det står i kapittel 11 at me ikkje har nokre offentlege museum i kommunen. Anton kulturhistoriske senter er eit privat museum. Det bør nemnast. Merknaden bør innarbeidast.

Merknad 14 frå Tomas Martin Nordviks stiftelse

11.2 Formidling

Digitalt arkiv er flott. Informasjonen må kvalitetssikrast og det må gjerast søkbart.

I tillegg er det mogeleg å utvikla formidlingsprodukt på verdsveven.

Kulturkontoret må stå for oppfylgingsansvar for ein del av det som er nemnt under dette punktet.

Det må og inn under formidling at kulturminne og kunnskap rundt dette er svært veileigna til aktivitetar der generasjonane er samla. Barn og unge treng å lære praktiske ferdigheiter frå eldre, og dei set stor pris på vaksenkontakt. Dette er og veileigna møteplassar for folk med ulik kulturbakgrunn.

Det kan og vera aktuelt å gje ut brosjyrer, hefte og bøker og formidla gjennom lokalavisa.

Kommentar: I tankane rundt eit digitalt arkiv er det tenkt at kommunen skal vera med. I handlingsplanen har me eit punkt som heiter "Auka formidlinga av kulturminna me har i Samnanger". Korleis me skal gjera det er ikkje tatt stilling til.

Merknad 1 frå URD Ungdomslag

Urd ungdomslag ser svært positivt på at Botnahytta, den gamle løa på Klasaplassen, og Rolvsvåg skulehus er teke med i planen. Botnahytta er viktig å ta vare på, og dette må gjerast straks, for hytta er i dårleg stand. Den gamle løa på Klasaplassen er spesiell, og når den vert sett i stand er det ein grei stad å oppbevare gamle ting som det er vanskeleg å ta vare på i dag.

Kommentar: Me er klar over at Botnahytta er i dårleg stand, men det er nokre uavklarte moment som må avklarast.

Merknad 2 frå URD Ungdomslag

Urd ungdomslag står som eigar av Rolvsvåg skulehus, og me er svært interessert i å setja huset i skikkeleg stand, slik at det kan verte brukt til ulike samankomstar. Me ynskjer her å komme med informasjon om kva som må gjerast.

Utvendig er huset i bra stand, og der er ingen lekkasje i huset.

På loftet er der ein del insektangrep ("mit"/"mott"). Enklaste inngrepet for å stogge dette er sprøyting. Likeeins må ein behandle inventar som skulepultar, kateter og skap, der ein finn angrep. Normalt stansar slike angrep når litt oppvarming står på i huset, men ein må då gjere noko med det elektriske anlegget. Skulehuset har eit uisolert loft, så her er berre sprøyting aktuelt. Insektmiddelet kostar ca. kr. 5.000,- og er velprøvd og effektivt.

Alt det elektriske må bytast då det er gammalt og brannfarleg. Kostnadsoverslag frå elektrikar (hausten 2012) var ca kr 100000,-

Vatnet må inn att i huset. Røyrleggjar må finne ei ny løysing. Det trengst og ny varmtvasstank. Skorsteinspipe må og gjerast noko med. Slike piper vert renoverte med nytt innvendig keramisk piperøyr (Leca eller Isokern). Dette gjev ei fullgod, isolert og brannsikker ny pipe.

Ungdomslaget har og ein draum om å få bygd opp att den gamle skykkjo som brant ned i 1988. Her kunne me hatt eit lite museum som kunne trekkja folk, og me kunne servera mat i grendahuset.

Det er positivt å ha draumar og visjonar. Tenk så fint det vert med Ballbingen, Grendahuset, Skulehuset og Skykkjo.

Me har mykje å ta tak i, men resultatet vil kunne verte flott. Bygda vår har mange flittige hender og god dugnadsånd, har me vist. Me ynskjer eit godt samarbeid med kommunen, og me håpar å få hjelp med midlar til dette viktige arbeidet vårt.

Kommentar: Det er positivt at URD ungdomslag vil bevare Rolvsvåg skulehus. Me har innarbeida tilskot til kulturminne i kulturmidlane i 2013 og URD ungdomslag kan søke om desse.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Arnved Soldal Lund	Arkivkode: FE-223, FA-C00
Arkivsaksnr: 13/68	Løpenr: 13/1625
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Utvalet for oppvekst og omsorg	17.04.2013	006/13	ASL

FORDELING AV KULTURMIDLAR 2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekt og omsorg vedtek fordelinga slik den ligg i rådmannens innstilling.

Dokument som er vedlagt:

Retningsliner for tildeling av kulturmidlar vedteke 06.02.2013.pdf

Saksframlegg frå 05.12.2012

Dokument som ikkje er vedlagt:

Søknadane

Kva saka gjeld:

Det skal fordelast kulturmidlar i kategoriane: driftstilskot til lag og organisasjonar, tilskot til kulturminne og tilskot til samfunnshus.

Det er kome inn 23 søknadar med ein samla søknadssum på kr 809 500. Det er ei auke frå førre året. I to av søknadane er det òg søkt om tilskot til tilskipingar. Dei er trekt ut frå denne fordelinga og vil verta handsama etter retningslinene for tildeling av kulturmidlar.

Årets søknadsfrist var 20. mars 2013. Søknadsfristen vart annonsert i Samningen, på kommunens nettside og kommunens Facebookside.

Vurderingar og konsekvensar:

I arbeidet med instillinga er det lagt vekt på den enkelte lags søknad og førre års tildeling. For mange lag og organisasjonar er driftstilskotet frå kommunen ein av dei viktigaste inntektene. Det er derfor viktig med kontinuitet i tilskotet. Eit kraftig redusert tilskot kan gjera det vanskelig for dei å oppretthalde aktiviteten.

I kommunestyresak 086/12 vart det vedteke at: ”Samnanger kommune løyver for 2013 40.000 kr til Samnanger skulemusikklag. Dette kjem i tillegg til det tilskotet laget får frå kommunen i 2012. Summen vert løyvd over budsjettet til kultureininga.”. Denne løyvinga er ikkje teke med i denne fordelinga, men det gjer at Samnanger skulemusikklag ikkje vert prioritert like høgt som dei elles ville ha gjort.

I forhold til kva som er budsjettert til tilskot til lag og organisasjonar er det samla summen redusert med kr 10 000. Dei midlane vil vera ein del av dei kr 40 000 til Samnanger skulemusikklag.

Den kategorien kor det vert søkt om mest er ”Tilskot til samfunnshus”. Den samla søknadssummen er kr 243 000, mens rådmannen innstillar med kr 28 000 til fordeling. Mange av husa treng generelt vedlikehald og oppgradering. Dette er ofte ein stor kostnad for laga. I rådmannens innstilling har alle søkarane fått eit tilskot, men dei som har mest aktivitet for barn og unge i husa sine er prioritert.

Fordeling av kulturmidlar 2013		
Barne og ungdomsarbeid		
Søkar	Søknadssum	Innstilling
Samnanger barnekor og king-sing	10 000	7 500
Nordbygda ungdomslag	35 000	30 000
Samnanger sundagsskulelag	2 500	2 000
Ten-Cafe	10 000	10 000
Basement – Samnanger kyrkjelyd	10 000	10 000
Samnanger skulemusikklag	75 300	7 000
Til saman	79 500	66 500
Kulturminnevern		
Søkar	Søknadssum	Innstilling
Inghild, Erling, Anne og Synnøve Nygård	50 000	15 000
Urd ungdomslag	105 000	5 000
Til saman	155 000	20 000
Kunstformidling		
Søkar	Søknadssum	Innstilling
Tysse og Nordbygda musikklag	27 000	18 000
Samnanger kameraklubb	9 000	4 500
Til saman	36 000	22 500
Idrett		
Søkar	Søknadssum	Innstilling
Rolvsvåg turlag	1 000	1 000

Samnanger IL	85 000	72 000
Samnanger Jeger og fiskerlag	5 000	5 000
Tysse skyttarlag	30 000	7 000
Til saman	121 000	85 000
Tilskot samfunnshus		
Søkar	Søknadssum	Innstilling
I/S Vonheim	10 000	2 500
Sandvik grendalag	10 000	3 000
Nordbygda ungdomslag	79 000	7 500
Samnanger Misjonsforsamling	30 000	7 500
URD ungdomslag	70 000	5 000
Tveit ungdomshus	10 000	2 500
Til saman	243 000	28 000
Øvrige kulturformål		
Søkar	Søknadssum	Innstilling
Samnanger båtforening	155 000	2 000
Røde Kors Omsorg	9 000	7 000
Pensjonistutvalet - Fagforbundet	4 000	2 000
Samnanger pensjonistlag	7 000	1 000
Til saman	175 000	12 000

